

## Hordaland fylkeskommune, samferdselsavdelinga

Vår dato: 08.05.2017  
Vår ref: 2010/357 - 10592/2017 / 201305  
Dykkar ref:

### Ferjesamband Stord–Kvinnherad - Oversending av vedtak

De vert med dette orientert om at kommunestyret i sak PS 15/17, Ferjesambandet Stord-Kvinnherad: Forprosjekt for ferjestø Djupavikneset og avklaring av vidare planarbeid, fatta slikt vedtak:

«Kommunestyret tek forprosjekt for ferjestø Djupavikneset til vitande og ser denne lokaliteten som uaktuell for nytt ferjestø for sambandet mellom Stord og Kvinnherad.

Kommunestyret ser utfordringar for Sunnhordlandsregionen framover gitt m.a. endringane i kommune- og fylkesstruktur. Ein må i endå sterkare grad vektleggje tiltak som kan binde regionen tettare saman og styrka samarbeidet mellom kommunar og næringsliv. På sikt vil eitt tiltak vera at kommunane jobbar saman for fastlandssamband mellom Kvinnherad og E39

Kommunestyret vil delta i ein planprosess for framtidig ferjesamband mellom Kvinnherad og Stord der ferjestø på begge sider av fjorden vert vurderte. Kommunestyret viser likevel til føringane i tidlegare vedtak i saka om ikkje å ta i bruk ny, uberørt strandsone til føremålet.

Kommunestyret peiker på at det i første rekkje er alternativ på Kvinnheradsida som ikkje er utgreidde for ferjesambandet Stord-Kvinnherad. Kommunestyret meiner at alternativ nærare Husnes må vurderast. Berre ei innkorting av den samla reisetida mellom senter i kommunane kan etter kommunestyret sitt syn forsvare å på ny vurdere nytt ferjestø på Stord-sida.

Ein vidare planprosess bør setjast i gong som ein interkommunal planprosess. Tidsaspektet er avgjerande for valet. Planarbeidet må ta opp i seg dette:

- Kortare overfartstid
- Redusert samla reisetid mellom Leirvik og Husnes
- Frekvens
- Finansiering

Det må vera eit vilkår at det er vilje til å finansiera eitt til to nye ferjestø med tilførselsveggar. Stord kommunestyre ser det ikkje som aktuelt å finansiera utbygginga med bompengar.»

Vi ser fram til at Hordaland fylkeskommune organiserer og set i gang vidare planprosess, og ser fram til å få tilsendt framlegg til organisering av planarbeidet og tidsplan. Stord kommune vil utnemne personar til å vere med i ulike arbeidsgrupper/ referansegrupper når behovet er avklart.

Med helsing

Lovise Vestbøstad  
kommunalsjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift*

Vedlegg

- 1 Særutskrift Ferjesamband Stord - Kvinnherad: Forprosjekt for ferjestø Djupavikneset og avklaring av vidare planarbeid

Kopi:  
Kvinnherad kommune